

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Dato: 10.09.2019

Vår ref.: 19/07038
Deres ref.: 19/3216-

Saksbehandler: Liv Silje Borg

Høyringsfråsegn – forslag om endringar i forskrift om opptak til høgre utdanning

OsloMet-storbyuniversitetet (OsloMet) viser til brev frå Kunnskapsdepartementet (KD) 28. juni 2019, med forslag om endringar i forskrift om opptak til høgre utdanning. Kommenterar til dei enkelte forslaga følger nedanfor.

Til § 2-2 Utanlandsk utdanning

OsloMet støttar forslaga.

OsloMet meiner at innføring av munnleg Bergenstest vil gjere dei ulike testane meir samanliknbare, og er einige i at det vil sikre at studentar har naudsynte norskkunnskapar for å fullføre ei utdanning på høgare nivå.

OsloMet er og einig i at moglegheita for norske søkjarar med vidaregåande opplæring frå utlandet til å dokumentere norskkunnskapar med dokumentasjon frå 10-årig norsk grunnskole gir uheldige utslag. OsloMet støttar derfor forslaget om å fjerne denne moglegheita.

OsloMet støttar og forslaget om at norsk B på standard level frå IB ikkje lenger skal vere nok til å fylle norskkravet. OsloMet meiner dette er ein naturleg konsekvens av konverteringstabellen frå fag frå IB til fag i norsk vidaregåande skole.

Til § 3-8 Unntak frå kravet om generell studiekompetanse for opptak til studium i nautikk

OsloMet har ikkje studium som blir omfatta av dette forslaget, men vi har ikkje innvendingar mot at § 3-8 endrast slik at den omfattar både nautikk og marinteknisk drift.

Til § 4-8 Spesielle opptakskrav til engelskspråklege utdanningsprogram

OsloMet har ikkje innvendingar mot forslaget.

§ 4-10. Spesielle opptakskrav til diverse fag

OsloMet har ikkje innvendingar mot forslaget.

Postadresse
PB 4. St. Olavs plass, 0130 OSLO

Telefon
67 23 50 00

Divisjon for utdanning og bibliotek, Avdeling for utdanning, Seksjon for opptak og vurdering

Besøksadresse
Pilestredet 46

§ 7-2 Kvote for førstegongsvitnemål og ordinær kvote

OsloMet er einige i dei foreslåtte endringane i kvote for førstegongsvitnemål. Endringane vil gje søkjarar med yrkesfagleg vitnemål moglegheit til å konkurrere om studieplass på like vilkår som søkjarar med studiespesialisering, til alle type studium.

§ 7-4 Poengberekning av søkjarar med meir enn eitt grunnlag for rangering

OsloMet er enige i at hjemmelen for «dobbeltrangering» bør endrast, slik at søkjarar poengbereknast etter alle grunnlaga for generell studiekompetanse.

§ 7-5 Karakterpoeng for søkjarar med 3-årig vidaregåande opplæring

OsloMet støttar forslaget om å gje Samordna opptak hjemmel til å laga alle type naudsynte omrekningstabellar. Fleire omrekningstabellar vil medverke til transparent og føreseieleg sakshandsaminga for søkjarane, samt medverke til effektiv sakshandsaming.

§§ 7-5 og 7-6 Karakterpoeng

OsloMet støttar forslaget, og vurderer det som en riktig presisering i samanheng med praksis for korleis vi handsamar desse søkjarane i dag.

§ 7-7 Karakterforbetringar

OsloMet er einige i at føresegna i opptaksforskrifta § 7-7 (2) er overflødig, og støttar forslaget om at ho strykast.

Med hilsen

Curt Rice
Rektor

Nina Waaler
Prorektor for utdanning

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Kopi til

Unit - Direktoratet for IKT og fellestjenester i høyere utdanning og forskning